

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 014, FE - 044	15/18

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
10/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

## Delegering av mynde til valstyret

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

*Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyrer (vallova)* § 4 regulerer valorgana i kommunen. Etter § 4-1 skal det vere eit valstype i kvar kommune som vert vald av kommunestyret sjølv. I Meland vart valstyret sist vald i kommunestyremøtet 16.11.11, og organet er personidentisk med formannskapet.

Etter vallova kan kommunestyret delegera til valstyret å avgjere kor mange røystekrinsar det skal vere i kommunen. Endring i røystekrinsar må meldast til folkeregisteret innan 31.mars i valåret. Kommunestyret kan også delegera til valstyret å oppnemne røystestyre til kvar av krinsane. Eit røystestyre må ha minst 3 medlemmer. I praksis har valstyret i Meland hatt desse oppgåvene over mange valperiodar, men det har ikkje vore gjort noko formelt delegeringsvedtak i kommunestyret. Administrasjonen har difor vald å leggje fram ei sak om slik delegering for kommunestyret, slik at valstyret sine oppgåver når det gjeld røystekrinser og røystestyr e får den formelle forankringa som vallova krev.

#### Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

#### Miljø

Ikkje relevant i saka.

#### Økonomi

Ikkje relevant i saka

#### Konklusjon

Administrasjonen vil rá til at kommunestyret gjer eit formelt delegeringsvedtak kva gjeld oppdeling i røystekrinsar og oppnemning av røystestyre.

#### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret delegerer til valstyret å avgjere kor mange røystekrinser kommunen skal delast inn i. Kommunestyret delegerer også til valstyret å oppnemne røystestyre til kvar krins.

**Kommunestyret - 10/2015**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**

Kommunestyret delegerer til valstyret å avgjøre kor mange røystekrinser kommunen skal delast inn i. Kommunestyret delegerer også til valstyret å oppnemne røystestyre til kvar krins.